



Miljøverndepartementet

Co/KLIF

postmottak@klif.no

Dette brevet blir berre sendt elektronisk

Oslo 11. januar 2013

Klage på «Endret tillatelse til virksomhet etter forurensningsloven» for Rana Gruber

Vi viser til brev med ref 2011/1191, vedlagt «Tillatelse til virksomhet etter forurensningsloven for Rana Gruber AS», datert 17.12.2012.

Vi vil med dette påklage vedtaket om løyve til Miljøverndepartementet, og har følgjande kommentarar og krav til vedtaket om endra løyve:

1. Løyvet til auka utslepp av gruveavgang i Ranfjorden må bli trekt attende.
2. Det må bli innført tiltak for å redusere dagens spreining av slam i øvre sjikt av Ranfjorden som omtalt i løyvet. Fristen for å innføre slike tiltak må vera kort og det må settas i verk overvaking av resultatata.
3. Vi er glade for at det blir stilt krav om redusert utslepp av gruvekjemikalier i avgangen. Dette kravet må oppretthaldast.
4. Det er bra med krav om ein vesentleg reduksjon av faststoffkonsentrasjonen i utslepp til Ranelva, men dette må også bli følgt opp med eit tak for årleg utslepp. Søknadspapira frå Rana Gruber uttrykker at endra driftsform vil gje vesentleg større vassmengd enn tidlegare, og antyder opp til 4 gongar så stort utslepp av faststoff utan tiltak (4.8.2 Utslipp frå Rana Gruber AS til Ranelva). Det er ut i frå dette uklart kor mykje faststoff som vil bli slept ut, og viser at det er behov for eit øvre tak for totalt utslepp av faststoff til elva.
5. Det er bra at Rana Gruber er pålagd å etablere ein avfallshandteringsplan som mellom anna skal omfatte alternativ bruk av avgangsmassane, men vi reagerer på at gruva ikkje er pålagd å lage ein plan om reelt sett å etablere eit opplegg med alternativ bruk eller tilbakefylling i gruva før dei får løyve til å auka produksjonen.

Avfallshandteringsplanen bør minst innehalda følgjande i tillegg til det som følgjer av KLIFs vedtak:

- a. Utgreiing av korleis ein kan organisere gruedrifta (seksjonering etc.) for å kunne fylle vesentlege delar av avgangsmassane attende i gruva.

- b. Etablering av tidsfristar for vesentleg reduksjon av deponibehovet gjennom alternativ bruk og tilbakefylling. Løyve til auka produksjon må bli knytt opp mot tilsvarande redusert deponibehov.
- c. Plan for stans i dagens utslepp av gruveavgang i Ranfjorden innan 2021. Dei nye forvaltningsplanane for vassregionane skal tre i kraft 2015 og vare til 2021. Målet med forvaltningsplanane er å få minimum «god tilstand» i vassforekomstane. Overvakinga av fjorden viser at den er sterkt påverka av det utsleppet som har vore frå gruva. Difor er det stor grunn til å rekne med at eit auka utslepp vil forverre situasjonen. Difor må det i staden for større utslepp gjennomførast tiltak som får tilstanden i vassforekomstane opp på minst «god tilstand».

Ut i frå vår tolking av naturmangfaldlova, vassforskrifta og EUs vassrammedirektiv, er utsleppsløyvet i strid med både naturmangfaldlova, vassforskrifta og med EUs vassrammedirektiv.

Vi vil også hevde at det er motstrid mellom KLIFs vurderingar av § 12 i vassforskrifta som grunnlag for aksept av utsleppsauken til Ranfjorden og dei vurderingane Direktoratet for Naturforvaltning har gjort når det gjeld utslepp av gruveslam.

Grunngjeving

Vassforskriftas § 12 (nye tiltak).

§ 12 første ledd, bokstav a og b

KLIF skriv i vedtaket:

«Etter vannforskriften § 12 kan endringer i de fysiske egenskapene til en vannforekomst tillates, jf. § 12 første ledd bokstav a, dersom også tilleggsvilkårene i § 12 andre ledd er oppfylt. Endringer i de fysiske egenskapene (hydromorfologiske endringer) omfatter endring av bunnforhold, jf. Vannforskriften § 3 t). § 12 første ledd bokstav a setter ingen grenser for hvor stor forringelse som kan tillates dersom de øvrige vilkårene i § 12 er oppfylt. Klif vurderer at den økte deponeringen av finfraksjon omfattes av § 12 første ledd bokstav a.»

Vår vurdering:

Vi ser det slik at deponeringa ikkje er omfatta av § 12, første ledd, bokstav a, men må bli vurdert etter § 12 første ledd, bokstav b, som berre tillet reduksjon i tilstanden frå særst god til god. Ettersom tilstanden i Ranfjorden er dårlegare enn god, vil auken i utslepp vera i strid, både med forskrift og direktiv.

Vår grunngjeving:

Når det gjeld den økologiske tilstanden, skriv KLIF i vedtaket: *«På grunn av lang tids deponering av avgangsmasser er derfor bunnforholdene i Ranfjorden dårlege. Den økologiske tilstandsklassifiseringa i de to vannforekomstene i fjorden er henholdsvis moderat og udefinert.»*

Dersom utslepp av gruveslam skal bli tillate på grunnlag av at det berre gir endring i dei fysiske eigenskapane (hydromorfologiske endringar), så må utsleppsområdet seinare kunne bli klassifisert som sterkt modifisert vassforekomst (SMVF) for å få grunnlag til å kunne halda fram med utsleppet.

Ein må bruke rettleiingsdokumenta til direktivet for kategorisering som SMVF for å vurdere om det nye utslippet av gruveslam kan bli akseptert som SMVF og at det dermed også kan bli akseptert til å liggja innafor ramma av § 12 første ledd, bokstav a.

Direktoratet for Naturforvaltning seier det slik:

«For å kunne utpeke en vannforekomst som sterkt modifisert, er vilkåret at endringene i de hydro-morfologiske egenskapene til vannforekomsten som må foretas for å oppnå god økologisk tilstand, vil ha vesentlig negative virkninger for viktige samfunnshensyn som miljøet generelt, skipsfart, havneanlegg, drikkevannsforsyning, elektrisitetsproduksjon, vanning, flomvern, drenering og annen tilsvarende virksomhet. DN mener deponering av avgangsmasser som følge av gruvedrift, ikke er av en slik karakter at den kan begrunne at en vannforekomst utpekes som sterkt modifisert etter vannforskriftens § 5 andre ledd.¹»

Det er dermed ikkje grunnlag for å klassifisere desse vassforekomstane som sterkt modifiserte, og då trer kravet om god økologisk tilstand inn. Det vil seia at utslippet må bli stansa.

Vi vil i tillegg vise til Guidance document no 4 som gir rettleiing i korleis ein vel ut SMVF. Alle eksempel i dette dokumentet dreier seg om avslutta og samfunnsmessig nyttige inngrep, f.eks etablering av ei hamn, lagringsdam for mudra masse, kraftstasjon, utretting av elveløp, fylling i samband med brukonstruksjon etc. Vi kan ikkje sjå at utslipp av gruveslam som kontinuerleg endrar hydro-morfologien kjem inn under det som Guidance document no 4 aksepterer som inngrep som kan gje godkjenning som SMVF.

Det er også vesentleg at rettleiingsdokumenta viser at kravet til at ein vassforekomst skal bli peika ut som SMVF er at ein ikkje kan rette opp inngrepet utan at det får konsekvensar for viktige samfunnsfunksjonar som skipsfart, kraftproduksjon etc.

§ 12 andre ledd, bokstav b

Avhengig av om ein oppfyller vilkåra i første ledd (berre fysiske endringar eller endring som ikkje gir større endring i tilstanden enn frå sær god til god), skal ein også oppfylle tilleggsvilkår.

Vassforskrifta, § 12 andre ledd, bokstav b: «*samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene skal være større enn tapet av miljøkvalitet*»

Tilsvarende formulering i EUs vassrammedirektiv, artikkel 4.7: «*ændringerne eller forandringene er begrundet i væsentlige samfundsinteresser, og/eller nyttevirkningerne for miljøet og samfundet ved opnåelse af målene i stk. 1 er mindre end de nyttevirkninger, der følger af de nye ændringer eller forandringer for befolkningens sundhed, opretholdelsen af menneskers sikkerhed og en bæredygtig udvikling.*»

Her skal ein veie nyttevirkningar for «*miljøet og samfundet*» på tapssida og nyttevirkning for «*befolkningens sundhed, opretholdelsen af menneskers sikkerhed og en bæredygtig utvikling*» på

¹ DN 21.05.2012, Høring av søknad om tillatelse til drift av kobbergruve i Kvalsund kommune - Nussir ASA

den andre sida. Dette er eit meir nøyaktig vurderingsgrunnlag enn i vassforskrifta, og kan gje andre resultat. Internasjonalt sett er Noreg forplikta til å følgja innhaldet i direktivet.

Vi må også sjå på rettleiingsdokumenta til direktivet for å konkludere med korleis ein skal vurdere § 12, andre ledd, bokstav b.

Som ein del av arbeidet med implementering av WFD vart det gjennomført eit «Water Director's meeting» 20.06.2005, som også omfatta norske representantar (Trond Syversen frå KLIF og Geir Taubøl frå NVE). Som eit resultat av møtet vart det sett opp eit «Policy summary and background document²» om «Environmental objectives».

Til spørsmålet om dokumentets juridiske verdi, står det:

“It is the duty of the European Commission to ensure that a harmonised, comparable and transparent approach on implementing the Water Framework Directive is taking place in-between Member States and in-between river basin districts. The WFD Common Implementation Strategy is a contribution to this process».

Dokumentet har døme på kva tap ein skal vurdere opp mot nytten av nye inngrep, mellom anna (Våre understrekingar):

- *Protection and enhancement of health and biodiversity of the aquatic ecosystem (in particular since good ecological status requires good quality of the structure and the functioning of this ecosystem).*
- *Protection of human health through water-related exposure (e.g. through drinking, drinks and food production, bathing and consumption of fish, shellfish and seafood).*
- *Lower costs for water uses, e.g. water supply or fisheries and more cost effectively achieved improvements by reducing treatment and remediation costs (e.g. drinking water supply, sediment pollution).*
- *Improvement of the quality of life by increasing the amenity value of surface waters (e.g. for visitors, tourists, water-sports users, conservationist) and by increasing its non-use value and all non-market benefits associated.*
- *Promotion of sustainable uses thereby creation of new jobs (e.g. in ecotourism, fisheries and nature conservation sector).*

KLIF skriv i vedtaket

«Dette vil kunne bidra til at Rana Gruber AS kan sikre sin konkurransemessige posisjon innen europeisk stålindustri, og derved bidra til å sikre arbeidsplassene og de økonomiske ringvirkninger fra

² http://ec.europa.eu/environment/water/water-framework/objectives/pdf/2005_objectives.pdf

virksomheten i samfunnet for øvrig.» Dette blir av KLIF vurdert til å ha større verdi enn tap av miljøkvalitet.

Vår vurdering og konklusjon:

Når vi legg saman det store tapet av miljøkvalitetar med tap for fiskeinteressar, fritidsfiske, trygg mat, naturopplevingar etc, og held det opp mot ei utviding av gruvas drift, så er vår konklusjon at det auka utsleppet ikkje er akseptabelt innafor § 12 andre ledd, bokstav b. KLIF har brukt eit vurderingsgrunnlag som er snevrare enn føresetnaden i EUs vassrammedirektiv, men sjølv med vassforskriftas vurderingsgrunnlag meiner vi at konklusjonen er feil. Tapet av miljøkvalitetar og alle dei andre samfunnsinteressene knytt til verdien av ein rein fjord er vesentleg større enn verdien av auka produksjon ved Rana Gruber AS.

Vi vil også vise til Havforskningsinstituttets høyringsuttale: *«Man må regne deler av bunnfaunaen og den tilhørende økologiske funksjon som tapt så lenge utslippene pågår.» «Vi anser den økologiske tilstanden i Ranfjorden til å være ganske kritisk. Vi anmoder derfor om at KLIF nøye vurderer om en oppskalering av gruveutslippene til fjorden bør tillates med tanke på at miljømålet for fjorden er å forbedre miljøkvaliteten, ikke redusere den.»³*

§ 12, andre ledd bokstav c

Vassforskrifta: *«hensikten med de nye inngrepene eller aktivitetene kan på grunn av manglende teknisk gjennomførbarehet eller uforholdsmessig store kostnader, ikke med rimelighet oppnås med andre midler som miljømessig er vesentlig bedre.»*

Her kan vi merke oss tilsvarende krav til alternative vurderingar i naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. I rettleiinga til § 12 skriv Direktoratet for Naturforvaltning: *«Generelt sett skal den løsningen som er best for miljøet velges, selv om den fører til ekstra kostnader.»*

KLIFs vurdering:

«Som det fremgår av avsnitt 3.3 Alternativ til sjødeponi, er det vurdert et alternativ i Ørtfjellsområdet for deponering av avgangsmassene. Ut i fra den kunnskapen som foreligger om dette alternativet, mener vi at alternativet ikke er miljømessig vesentlig bedre enn deponering i Ranfjorden.»

Vår vurdering og konklusjon:

Det er ikkje gjennomført reelle og tilstrekkelege vurderingar av andre og miljømessig vesentleg betre alternativ som rettferdiggjjer KLIFs konklusjon. KLIF har utelukkande vurdert landdeponi i eit sårbart område opp mot utslepp i Ranfjorden. Vi hevdar at det finst miljømessig vesentleg betre alternativ som kan redusere/ fjerne deponibehovet. Vassforskrifta og naturmangfaldlova er dermed ikkje oppfylt på dette punktet.

Vår grunngjeving:

³ Havforskningsinstituttet 03.11.2011

Det finst minst 3 alternativ som alle er vesentleg betre miljømessig enn både sjødeponi og det omtalte landdeponiet, og som ikkje er vurdert:

1. Pålegg om alternativ bruk av delar av massane
2. Pålegg om driftsform som gjer det mogleg med tilbakefylling i gruva av store delar av overskotsmassane
3. Tilbakefylling i gamle dagbrot (skal eit diskutabelt omsyn til Statens mineralar hindre ei god miljømessig løysing?)

KLIF har pålagt Rana Gruber AS å lage ein avfallshandteringsplan, som også skal omfatte alternativ bruk av overskotsmassane. Vi ser det ikkje som tilstrekkeleg at det blir utarbeid ein plan for alternativ bruk når det ikkje blir stilt reelle krav til avfallsreduksjon. Det kunne ha vore stilt krav om at Rana Gruber AS ikkje får auke produksjonen sin før dei har funne alternativ bruk for overskotsmassar eller etablert tilbakefylling i gruva tilsvarande auken i overskotsmassar.

Internasjonalt blir tilbakefylling i gruva sett som det mest miljøvennlege tiltaket etter at ein har fått til mest mogleg alternativ bruk. I EUs mineralavfallsdirektiv er tilbakefylling vektlagt, og ein finn det att i lista over EUs liste over Best available technology (BAT).

Det er mogleg å påleggja Rana Gruber AS å utarbeide og etablere ei driftsform som legg til rette for tilbakefylling av overskotsmassar i gruva (seksjonering etc).

Avgangen utgjer ca 65-70% (vekt) av uttaket frå gruva. I andre samanhengar reknar ein med at det er mogleg å fyllje attende i gruva ca 50% av uttaket. Dersom vi reknar eit potensiale på 50% tilbakefylling for Rana Gruber AS, vil mengde avgang blir redusert med 70%. Kombinert med alternativ bruk av massane kan dette fjerne, eller gje dramatisk redusert behov for ytre deponi.

Vi vil også peike på at KLIF visert til at tilbakefylling av avgangsmassar i gamle dagbrot ikkje er mogleg fordi ein då kan dekke til statens mineralar. Vi vil hevde at det i framtida vera mogleg å koma til desse mineralane med tunnel under dagens dagbrot, så vi kan ikkje sjå realiteten i denne avvisinga.

Eit diskutabelt omsyn til statens mineralar kan ikkje vera til hinder for ei miljømessig god løysing.

Stans av dagens utslepp av gruveslam til Ranfjorden innan 2021

KLIF: «Rana Grubers sjødeponi berører vannforekomstene Ranfjorden-Mo (Indre Ranfjorden) og Ranfjorden-Hemneshalvøya. Den økologiske tilstanden i vannforekomsten Ranfjorden-Mo er moderat og den kjemiske tilstanden er dårlig. Vannforekomsten er karakterisert til risiko for ikke å nå miljømålet innen 2015. Miljømålet i vannforskriften § 4 for fjord (overflatevann) er at den skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand.»

«På grunn av lang tids deponering av avgangsmasser er derfor bunnforholdene i Ranfjorden dårlige. Den økologiske tilstandsklassifiseringen i de to vannforekomstene i fjorden er henholdsvis moderat og udefinert.»

For å oppnå miljømålet god økologisk og god kjemisk tilstand innan 2021, som er neste periode for forvaltning av vassforekomstane, må ein ha fleire tiltak, og eitt av dei er å stanse utslepp av gruveslam til Ranfjorden.

Vi ser det slik at dersom ein skal oppfylle måla i vassforskrifta og EUs vassrammedirektiv, så må det bli lagt ein tiltaksplan for å avslutte utsleppet innan 2021.

Klage til ESA?

Vi ønskjer å leggja til at dersom ein opprettheld løyvet til auka utslepp av gruveslam til Ranfjorden, og/ eller ikkje legg opp til ei avvikling av utsleppet innan 2021, så kan dette vera i strid med EUs vassrammedirektiv og vi vil vurdere klage til ESA.

Helsing

Norges Naturvernforbund

Naturvernforbundet i Nordland



(sign)

Lars Haltbrekken

Erling Solvang

Leiar

Leiar